

J A !

■ Eg vil vita meir om NMU
■ Eg vil melda meg inn

Kan sendast
ufrankert
i Noreg.
Mottakaren
vil betala
portoet.

SVARSENDING
Avtalenr. 129000/237 Ormd.

Norsk Målungdom
St. Olavs Plass
0130 OSLO 1

Namn: _____
Adresse: _____
Poststad: _____
Telefon: _____ Fødeår: _____
Skule: _____



KVA ER NORSK MÅLUNGDOM?

Norsk Målungdom (NMU) er ungdomsorganisasjonen åt Noregs Mållag.

NMU arbeider for å gjera nynorsk til einaste riksmål i Noreg.

NMU arbeider mot EU og EØS

NMU har over 40 lokallag over heile landet med omlag 3000 medlemmer. NMU er open for alle, frårekna rasistar.


NMU skipar kvar haust til ein stor skulemålskonferanse for alle elevar i den vidaregåande skulen.

NMU har eit eige meldingsblad, EG, som kjem 6 gonger i året.

NMU driv mykje kursverksemd. Me kan m.a. tilby desse kursa :

- *Grunnlaget for målreisinga
- *Norskoplæringa i skulen/fagkritikk
- * Økonomi- og lagsarbeid
- *EU
- *Nasjonale rørsler i Noreg og andre land
- * Tale- og ordskifteteknikk

NMU er laget for deg som ynskjer å knusa bokmålsveldet! Meld deg inn!



Kjøp (ny) norske lærebøker

BOKMÅLSVELDET!
KNUS

TIL DEG SOM SKAL KJØPA LÆREBØKER

Du må sjølv velja om du vil ha (ny)norsk eller bokmål som hovudmål.

Bokmål er eit skriftmål med dansk rot, ført inn i Noreg då landet var eit dansk lydrike. Dansk vart tala i Noreg, og etterkvart vart dansken tilmåta norsk uttale - sokalla "dannet dagligtale". Difor fekk dette skriftmålet nemninga norsk!

For 140 år sidan reiste Ivar Aasen eit norsk skriftmål, tufta på dei norske målføra som hadde utvikla seg frå gamalnorsk, via mellomnorsk og til nynorsk. Dette skriftmålet sette han opp imot bokmålet.

Når bokmålet ikkje er noko norsk skriftmål, kjem det av at det ikkje har historisk rot i Noreg - jamvel om det har vore i landet i over 400 år. På same måten har engelsk vore skriftmål i Irland i meir enn 800 år, og

irane talar idag dette målet. Men nasjonalmålet er irsk - ikkje engelsk.



I Noreg vert bokmålet oppfatta som det "naturlege" skriftmålet, medan (ny)norsk er noko "rart og framandt". Årsaka til dette er at me lever i eit BOKMÅLSVELDE - der mest alt me les, skriv og høyrer er på bokmål.

Det norske folket kallar seg nordmenn. Me er ikkje norske avdi me har kvit hud og bur i staten Noreg. Det er den felles historia til det norske folket som bind oss saman til ein nasjon, og gjer oss norske,

ikkje tyske eller svenske.

Skal me overleva som eige folk og vera istand til å møta verdssamfunnet på trygg grunn, må me ha eit medvit kring vår eiga soge, og knyta oss sjølve til ho.

Difor treng Noreg eit norsk skriftmål - (ny)norsk.

Difor vil Norsk Målungdom knusa bokmålsveldet og setja (ny)norsk i staden.

**Vel (ny)norsk
som hovudmål!
Kjøp (ny)norske
læremiddel!**

Meld deg inn!